



# VIGSLING TIL KANTORTENESTE

Tillegg til Gudstenestebok for Den norske kyrkja I/II

Fastsett av Kyrkjemøtet 1998 som  
tillegg til  
Gudstenestebok for Den norske kyrkje I/II  
Med verknad frå 1. juni 1999  
Sats: 14 punkt Antiqua  
© Verbum 1999  
ISBN 82-543-0809-8

# Vigsling til KANTORTENESTE

## Rettleiing

1. Handlinga *Vigsling av kantor* vert utført av biskopen eller av den som biskopen gjev fullmakt. Liturg er vanlegvis soknepresten i den kyrkja der handlinga går føre seg.
2. Dei som medverkar ved vigslinga, vert utpeika av biskopen. Det bør utpeikast ein kantor som kan gjera teneste i første delen av vigslingsgudstenesta. Vedkomande gjer teneste som kantor inntil den nye kantoren er vigsla og trer i funksjon. Om det er mogleg, bør også kor og eventuelt instrumentalistar medverke.
3. Vigsling av kantor kan leggjast til høgmessa eller til ei særskild gudsteneste på kveldstid. Dersom vigslinga vert lagd til høgmessa, skal dei aktuelle ledda frå ordninga Vigsling av kantor innpassast etter leddet **Kungjeringar** (jf. Gudstenestebok for Den norske kyrkja II). Vert vigslinga lagd til ei særskild gudsteneste, kan ordninga **Vigsling av kantor** brukast heilt ut. Då skal det haldast ei stutt preike/tale til kyrkjelyden, etterfølgd av ein salme.
4. Gudstenesta vert normalt halden i ei av dei kyrkjene der kantoren skal gjera teneste.
5. I god tid i førevegen skal den som har ansvaret for vigslinga, ha ein samtale med den som skal vigslast.
6. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja. I prosesjonen går alle som medverkar ved vigslingshandlinga.
7. Den som skal vigslast, kan innleia lovprisinga i ledd 1.
8. Liturgisk farge: raudt.

Anten *A*

## 1 Preludium

Under preludiet går prosesjonen fram til koret i kyrkja.

## 2 Inngangssalme

Her syng ein ein lovprisingssalme, eventuelt ein salme som er vald etter kyrkeårstida.

Eller *B*

## 1 Innleiande vekselsong

Prosesjonen stiller opp ved inngangen til kyrkja.

*Ka* Halleluja! Syng lovsong, Herrens tenrar,

*M* ja, lovsyng Herrens namn!

*Ka* Lova vere Herrens namn frå no av og til evig tid!

Frå solrenning til soleglad skal Herrens namn vera  
lova. Salme 113, 1–3

*A* Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,  
som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve.

Amen, Halleluja.

## 2 Inngangssalme

Her syng ein ein lovprisingssalme, t.d. Te Deum, anten som i NoS 262 eller etter Norsk Kantoribok. Under inngangssalmen går prosesjonen fram til koret i kyrkja.

## 4 VIGSLING TIL KANTORTENESTE

### 3 Inngangsord med framstilling

Ein av prestane i kyrkja, eventuelt leiaren i soknerådet, ved lesepulten

Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

*Ein ny arbeidar i kyrkja vår vert framstilt for oss i dag.*

Tittel etter utdanning og namn er kalla til teneste som *kantor* i/ved Namnet på tenestestaden vert nemnt.

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

I dåpen vart vi innlema i Guds folk, og vi vart alle vigsla til å vera tenarar for Gud. For Skrifta vitnar om at heile Guds folk er eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som høyrer Gud til, så vi skal forkynna hans storverk, han som kalla oss ut or mørkret til sitt underfulle ljós.

Til kallet og nådegåvane Gud har gjeve til kyrkjelyden, høyrer òg tenesta med å bera fram lovprisingsofferet, så Guds namn kan verta opphøgd og hans herlegdom fylla jorda. Under handspålegging og bøn vil vi i dag kalla og vigsla Namnet vert nemnt til kantor og leiar av songen og musikken i Herrens hus, til Guds ære og til oppbygging av Kristi lekam.

## 4 Bøn

B vend mot kyrkjelyden

Lat oss venda oss til Gud i bøn.

B vend mot altaret

Evige, allmektige Gud, ved di trone prisar dei himmelske hærskarane ditt heilage namn. Vi takkar deg for at vi saman med dei får stemma i din pris gjennom salmar, hymner og åndelege songar, og at vi får bera fram for deg glede og sorg, klage og lovsong.



Deg ve - re æ - re i æ - va.

B Treeinige Gud, vi takkar deg for at du har late ditt evangelium lyda også her hjå oss. Fyll dette huset med din herlegdom, og helga ditt folk, så songen og musikken kan lyda fulltonande til di ære. Gjev at vi tener deg med glede og ber fram din pris i jublante song.



Her - re, høyr vår bøn.

B Gode Gud, lat den heilage handlinga som vi skal utføra i dag, verta til ære for ditt namn, til framhjelp for Guds rike og til velsigning for *denne tenaren din*, så kyrkjelyden kan byggjast på Kristus, den einaste sanne grunnvollen.



Her - re, høyr vår bøn. A - men.

## **5** Påkalling av Den Heilage Ande

---

NoS 217 «Ånd over ånder, kom ned fra det høye» (sjå Nynorsk Salmebok 333 «Heilage Ande, kom ned ifrå hogdi») eller ein annan salme med epikletisk karakter

## **6** Skriftlesing

---

Mellom tekstlesingane som no følgjer, kan ein syngja t.d. NoS 363 (v. 1–2, v. 3, v. 4, v. 5–6), 12, 361 eller 369.

**B** vend mot kyrkjelyden

Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om den lovprisings-tenesta Herren kallar til i si kyrkje.

Tekstane nedanfor vert lesne frå lesepulten av dei som hjelper til.  
Kyrkjelyden sit medan det vert lese.

## FØRSTE LESINGA

Det står skrive i Salmane, Salme 147:

Halleluja! – ja, det er godt å prisa vår Gud,  
det sømer seg med fager lovsong.

Herren byggjer Jerusalem  
og samlar Israels spreidde folk.

Han lækjer dei som har eit sundbrote hjarta,  
og fetlar deira verkjande sår.

Han fastset talet på stjernene  
og gjev dei alle namn.

Stor er vår Herre og rik på kraft,  
hans skjøn er utan grense.

Han held dei hjelpelause oppe  
og bøyer dei vonde til jorda.

Syng takkesong for Herren,  
spel på lyra for vår Gud!      Salme 147,1-7

## ANDRE LESINGA

Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Kolossæ i det 3. kapitlet:

Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og fullendar. Lat Kristi fred rå i hjarto dykkar, for til det vart de kalla då de vart éin lekam. Og ver takksame! Lat Kristi ord få rikeleg rom hjå dykk, så de med visdom kan læra og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar; syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, gjer det i Herren Jesu namn, med takk til Gud Fader ved han.      Kol 3,14-17

## TREDJE LESINGA

Det står skrive i brevet til hebrearane i det 13. kapitlet:

Her på jorda har vi ingen verande by, men vi lengtar etter den som skal koma. Lat oss då ved han alltid bera fram for Gud vårt lovprisingsoffer, det vil seia: frukt av lipper som lovar hans namn. Men gløym ikkje å gjera godt og dela med andre. For slike offer er til hugnad for Gud.

Hebr 13, 14–16

## FJERDE LESINGA

Det står skrive hjå evangelisten Lukas i det 24. kapitlet:

Så tok han dei med seg ut mot Betania, og han lyfte hende og velsigna dei. Og medan han velsigna dei, skildest han frå dei og vart teken opp til himmelen. Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei attende til Jerusalem i stor glede. Sidan var dei allstøtt i templet og lova og prisa Gud.

Luk 24,50–53

## 7 Motett

---

Her vert det sunge ein motett eller ein bibelsk salme.

## 8 Vigslingstale

---

Den som vigslar, held ein tale over teksten for dagen eller over ein annan høveleg tekst. Etter talen går den som skal vigslast fram og stiller seg framfor altarringen. Dei som assisterer, reiser seg.

## **9** Formaning og lovnad

---

**B** Når Herren no tiltrer *deg* tenesta som kantor, pålegg og formanar eg *deg*

- at *du* leier songen og musikken i Guds hus, slik at kyrkjelyden i ånd og sanning kan bera fram sitt lovprisingsoffer til Herren,
- at *du* gjennom salmar, hymner og åndelege songar lèt Guds ord lyda klårt og reint, som det er gjeve oss i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om det i si vedkjønning,
- at *du* sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i det kristne trudomen.

**B** spør kvar einskild som skal vigslast

Namnet blir nemnt , lovar du for Guds åsyn og andsynes denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde Gud sjølv vil gje deg?

**Ka** Ja.

**B** Så gjev meg handa på det.

Den som skal vigslast, stadfestar lovnaden med handslag til den som vigstrar.

## **10** Handspålegging og bøn

**B** Når vi no legg hendene på *deg* og bed, vil vi overgje *deg* til Gud, og be om at han ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Den som skal vigslast, kneler.

Biskopen og dei som hjelper til, legg handa på hovudet til den som skal vigslast. Er det fleire som vert vigsela, flytter biskopen handa frå den eine til den andre under bøna som følger.

**B** Miskunnsame Gud, Far i himmelen, du har ved Son din Jesus Kristus sagt at hausten er stor, men onnefolka få, og at vi skal be deg som eig grøda, at du må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda di.

Høyr då bøna vår for *henne* som i dag vert vigsla til kantortenesta. Styrk *henne* i trua, og gjer *henne* dugande til den gjerning som vert tiltrudd *henne*. Send *henne* din Ande med gåver til tenesta, så *ho* kan verta *ein rett arbeidar* i di haustvinne.

Gjev *henne* å utføra tenesta med fridom og truskap, å rettleia, trøysta og refsa med spaklynde og visdom, og i alle ting syna seg som *ein god hushaldar* over din mangfaldige nåde.

Ver med *henne* i motgang og prøvingar, og gjer *henne* tolmodig og *audmjuk* i hjarta, så di kraft må kjennast i *hennar* vanmakt. Gjev at gjerninga *hennar* må bera frukt etter din vilje. Og når arbeidsdagen er til ende, lat *henne* koma inn til glede hjå deg og få del i arven med alle dei heilage.

**A** Fader vår, du som er himmelen.  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød.  
Forlat oss vår skuld,  
som vi òg forlèt våre skuldmenn.  
Før oss ikkje ut i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt,  
og makta og æra i alle æve.  
Amen.

Biskopen og dei som assisterer, kneler, og bøna sluttar med at kyrkjelyden syng første verset av «No bed vi Heilag-Anden god» (NoS 211,1). Deretter reiser biskopen seg, like eins den nye kantoren og dei som assisterer.

**B** vend mot den som er vigsla  
*Du er i dag kalla og vigsla til tenesta som kantor i vår kyrkje, med det mynde og ansvar som etter ordningane i vår kyrkje høyrer til dette kallet.*

Kantoren og dei som assisterer, går til plassane sine.

## **11** Påmining om ansvaret kyrkjelyden har

**B** *vend mot kyrkjelyden*  
Kjære kyrkjelyd.  
Saman har vi overgjeve *denne vår* medkristne til Gud, og bede om velsigning over gjerninga *ho* går til. Lat oss ta imot *henne* i kjærleik, framleis bera *ho* fram for Gud i bønene våre og stå saman med *henne* i tilbedinga og lovprisinga si teneste.

## **12** VIGSLING TIL KANTORTENESTE

## **12** Truvedkjenning (Credo)

---

Truvedkjenninga vert sungen eller framsagd.

**B** intonerer/seier

Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg.

**A** Eg trur på Gud Fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne son, vår Herre,  
som vart avla av Den Heilage Ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv.

Amen. Den apostoliske truvedkjenninga

Deretter trer den nye kantoren i teneste, og gudstenesta held fram med

## **13 Salme før preika**

---

## **14 Preike**

---

## **15 Salme etter preika**

---

Gudstenesta held fram med ledda Forbøn, Kyrkjelyden sitt takkoffer, Nattverd og Velsigning og sending.

Som forbøn brukar ein Fredslitaniet (NoS 952), eventuelt med den nye kantoren som forsongar, eller ei av dei andre forbønene i Gudstenesteboka.

Medan ofringa går føre seg, kan det utførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk, eventuelt kan det syngjast ein salme. Nattverden vert halden i samsvar med høgmesseordninga eller etter ei anna av ordningane i Gudstenesteboka.

Leddet **Velsigning og sending** får denne forma:

### **VELSIGNING OG SENDING**

**B** ved altaret, vend mot kyrkjelyden  
Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

**M** Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja

**B** Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. **✚**

**M** Amen. Amen. Amen.

## **14 VIGSLING TIL KANTORTENESTE**

---

Under den stille bøna som følgjer, slår ein tre slag med ei av kyrkje-klokken.

**B** vend mot kyrkjelyden

Kristus seier: De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å bera frukt, frukt som varer.

Joh 15,16

Gå i fred. Ten Herren med glede.

#### POSTLUDIUM/UTGANGSSALME

Under postludiet/utgangssalmen går prosesjonen ut av kyrkja.